

Travhestane til Halvard og Gudrun Døsland har på ny delteke i løp på Bergen Travpark. Ein svært fornøgd Halvard kan melda om at både den 3-årige hoppa Døslandspia og den 2 år gamle broren Døslandspil forbetra seg med om lag 3 sekund under løpa torsdag kveld.

Halvard fortel at han var svært spent før Døslandpia stilte til start. Denne gongen starta hoppa i eit felt der mange hadde betre tider. Han hadde likevel eit lite håp om premiering; altså ein plass blant dei seks beste. Pia overbeviste nok ein gong. Etter eit flott gjennomført løp kom den inn til svært god fjerdeplass.

Pil deltok i sitt andre mønstringsløp. Den gjekk eit overbevisande løp der han tok leiinga frå start. Denne leiinga heldt han heilt inn til mål etter jamn kamp med ein annan hest. Hest nr.3 var langt bak dei to. Tida var god. Han forbetra seg 3 sekund frå siste mønstringsløp, og dermed er også Døslandspil kvalifisert til å delta i ordinære travløpskonkurransar.

Hesteeigarane er sjølvsagt svært så fornøgde. – Vi hadde ein fin tur til by`n, og ein endå finare heim att etter det som skjedde. Pila peikar oppover, men det kan fort snu, seier Halvard realistisk. Ikkje alle hesteeigarane var like fornøgde på Bergen Travpark torsdag.

Halvard rosar trenaren og kusken Øyvind Austevoll. Han er flink med hestane, er snill med dyra og tenkjer langsiktig. Alt er ryddig og flott. No skal begge hestane få ein velfortent juleferie. Pia skal få ein liten pause før nye løp står for tur etter nyttår. Når det gjeld Pil, vil dei no ta det litt med ro. Den skal få byggja seg ytterlegare opp, og så er planen å delta i løp når det vårast.

Halvard ser og fram til at fleire kvinnhershestar skal delta i løp over nyttår. Mellom anna ser han fram mot at Magne Huglen sin Alley Star skal starta i konkurransar. Den har hatt stor framgang på trening i det siste og vil venteleg gå løp på nyåret.

Av Thor Inge Døsland